



**UNIGRAFISK TIL NÆRINGS-PARKEN:** Trykkeribriffta Unigrafisk flyttar frå Frekhaug sentrum til den nye næringsparken på Mjåtveit. Dagleg leiar Lene Haug i Mjåtveit Næringspark AS gler seg også over at bedrifta Borlaug og Brosvik Transport har kjøpt tomt her. – Fleire er på gang, seier ho. Rema1000 skal inn i Unigrafisk-bygget.

# Unigrafisk inn i ny næringspark

MELAND: Trykkeriverksemnda Unigrafisk skal inn i nybygg i den nye næringsparken i Meland. Frå før har Borlaug og Brosvik Transport kjøpt tomt.

**ARTHUR KLEIVELAND**  
arthur@nordhordland.no

Dagleg leiar i Mjåtveit næringspark, Lene Haug, har håp om å få fleire etableringar på plass i løpet av næraste framtid.

For Unigrafisk hasta det med å finna ei avklaring på nye lokale. Rema1000 på Frekhaug skal flytta over veggen og inn i trykkeribygningen.

– Vi håpar å vera i hus i løpet av januar 2013, seier dagleg leiar Kjetil Røssevold.

## Trykkeri og transport først ute

Rema 1000 trippar ivrig etter å koma inn i trykkeribygget så snart som mogleg. Røssevold fortel at det endelege stadvalet til slutt vart enkelt, sjølv om lokalitetar både i Lindås og på Hylkje var aktuelt.

– Det passa difor veldig godt at Mjåtveit Næringspark AS no er i gang med å utvikla området sitt, seier Røssevold.

### Flyttar ikkje lang

Etter å ha vore på Frekhaug sidan 1986 synest han det er litt spesielt å flytta, sjølv om den nye trykkeribygningen berre blir ligande eit par minuttar kjøring unna.

### Naturleg utvikling

– Men utviklinga i Frekhaug sentrum gjer det naturleg å flytta. Sånn sett er vi med på å opna for

ei vidare senter- og forretningsutvikling her, seier dagleg leiar i Unigrafisk.

Nybygget i næringsparken får eit areal på 1200 kvm på eitt plan – halvparten så stort som dagens anlegg på to plan.

### Tøffare marknad

– Vi må tilpassa oss ein tøffare marknadssituasjon, og treng ikkje den plassen vi har i dag. Vi kjem til å kvitta oss med ein del av maskinparken, utan at det vil gå utover dei trykkeritenestene vi utfører, seier Røssevold.

Lene Haug i Mjåtveit næringspark AS kan gleder seg over at også transportfirmaet Borlaug og Brosvik kjem til Mjåtveit. Selskapet som i dag er stasjonert i Lindås, skal inn i eige bygg, og har kjøpt ein tomt på fem dekar i næringsparken.

– Dette er eit spennande selskap, som har bygt seg godt opp, med rundt 20 tilsette og driftsinntekter på over 30 millionar kroner i 2010, fortel Haug.

### Kommunen positiv

Både Haug og Røssevold framhevar den gode dialogen med Meland kommune.

– Kommunen har verkeleg vist god innstilling for å få næringsutvikling i Meland, seier Lene Haug.

### NÆRINGS-PARKEN

Den 100 dekar store Mjåtveit næringspark kan vera fullt utbygt i løpet av 5-7 år, seier dagleg leiar Lene Haug. Tiltettelegginga av første del av området kjem igang med nokre veker. Den vidare grovplaneringa kjem i takt med nye bedrifter.

## Kan bli hundrevis av arbeidsplassar

MELAND: Det kan etter kvart handla om fleire hundre arbeidsplassar i den 100 dekar store Mjåtveit Næringspark.

– Vi er i god dialog med fleire aktuelle interessentar, og har godt håp om at fleire brikkar vil falla på plass om ikkje så lenge, seier dagleg leiar Lene Haug.

Med den store folkeveksten som er i Meland og resten av Nordhordland, er det mange bedrifter som ser det som interessant å etablere seg her. Vi merkar betydeleg interesse, og eg trur det vil bli enda større pågang når sjølv utbygginga kjem igang.

LieGruppen, som står bak Mjåtveit Næringspark AS, har

også planar om å reisa eit utleiebygg i næringsparken. Her er det meininga at ulike leigetakarar kan etablere seg.

Mjåtveit næringspark har signert kontrakt med entreprenørselskapet Vassbak og Stol om tiltettelegginga av området. Lene Hauge fortel at kontrakten med entreprenoren inneber ei flek-

sibel tiltettelegging av området etter kvart som det melder seg interessentar.

– Vi ønskjer å skapa ein heilskapleg næringspark. Med eit såpass stort område kan vi tilpassa plasseringa etter kva type bedrift som kjem, seier Haug, som legg til at den estetiske utforminga blir lagt stor vekt på.



**HOTELL:** Slik såg det tidlegare hotellprosjektet på Flatøy ut.

## Flatøy-hotell framleis aktuelt

MELAND: – Hotellplanane på Flatøy er ikkje skrinlagde, opplyste Meland-ordførar Nils Marton Aadland under eit fellesmøte mellom formannskapa i Meland og Lindås.

Dei som først hadde planar om hotell og bustadutvikling i Midtmarka trekte seg ut på grunn av den økonomiske situasjonen etter finanskrisa.

– Men det betyr ikkje at hotellplanane er skrinlagde for godt, seier Aadland. Han kjenner til at nye aktørar er interesserte i få realisert planane.

### 400-1000 bustadar

Fjordhotell-prosjektet ut mot Flatøyosen har vore knyttet til ei betydeleg bustadbygging i Midtmarka. Meland-ordføraren viste til at det føreligg ein godkjend plan for utbygging av dette området med hotell og frå 400 til 1000 bustadeiningar.

Det var Lindås-ordførar Astrid Aarhus Byrknes som spurde om status for dette prosjektet under fellesmøtet.

– Vi treng styrking av denne sektoren i Knarvik-området, sa Byrknes.

## – Vil ikkje ha supperåd

LINDÅS: Dei folkevalde i Lindås gav torsdag grønt lys for ei rullering av skulebruksplanen, to år etter at den vart vedtatt. AP og FrP meiner denne prosessen kan gjerast langt enklare, utan å setja igang ein omfattande prosess.

– Spar oss for eit supperåd, sa Bjarte Vatnøy (FrP).

– Dette handlar om at fleirtallet vil omgjera vedtaket om å leggja ned skular. Det kan gjerast reint politisk utan meir om og men. Det er viktigare å setja fokus på ungdomsskulane og ny barneskule i Knarvik, som kan bli aktuelt for vi anar, sa Sveinung Valle (A).

## Framleis ferskvare

– Det er ikkje sagt at vi skal bruka store ressursar på denne gjennomgangen. Vi skal ikkje gjera dette meir omfattande enn vi treng, og det blir på ingen same kostnaden som med sjølv planen. Men det er viktig å sjå på aktuelle problemstillingar, sa Jostein Hellestveit (SP).

Rådmann Øistein Søvik framheva at det er gjort mykje godt arbeid i skulebruksplanen. – Dette er ferskvare framleis, seier Søvik.

Eit forslag frå Kjetil Melvær om å senda saka tilbake til levekårsutvalet for betre førebuing, vart nedstemt.